

Referat frå møte 3 i SU/SMU

Stad:	Ågotnes skule	Dato:	18.02.26	Møtenr.:	3/2025-2026
Referent:	Magne Abelsen				
Deltakarar:	Ane og Anja - FAU Aina og Cecilie – lærarrepresentantar Tore (rektor) - kommunal representant Stian – politisk representant Magne (referent)				
Ikkje møtt:	Malene og Olav - elevrådet Anne Merete – andre tilsette				

Tema:	Kva:	Oppfølging:
Saker frå skulen:	<p>Trygt og godt - elevundersøkinga</p> <p>Rektor orienterte om at FAU og skulen har hatt ei arbeidsgruppe som har sett på kva skulen, med elevar og tilsette, og foreldre/føresette allereie <i>gjer og kan gjere</i>, for å vidareutvikle eit skulemiljø der elevar har høg trivsel og er trygge på skulen. Elevundersøkinga viser at vi har dårlegare skår på trivsel, mobbing, motivasjon og elevmedverknad enn gjennomsnittet i Øygarden kommune. Lærarpersonalet og elevrådet har drøfta resultatane og kva vi kan gjere for å auke trivsel og få ned mobbetala. I arbeidsgruppa vart dei ulike innspel gjennomgått og nye innspel vart lagt til. Både tilsette, elevråd og FAU vil arbeide vidare for å gjere Ågotnes skule til ein god stad å vera og ein god stad å læra. Målet er at Ågotnes skule skårar like bra eller betre enn gjennomsnittet i Øygarden kommune. Rektor vil lage ei oversikt over det vi gjer og dei punkta som har kome fram til no, slik at FAU, elevråd og tilsette kan ha det med vidare i prosessen.</p> <p>Neste skuleår</p> <p>Rektor orienterte kort om rammer for neste skuleår. Vi veit at elevtalet vil gå ned. No har vi 283 elevar og til neste skuleår vil vi bli rundt 235 elevar. Årsaka er at vi har tre klassar på 7. trinn som skal til ungdomsskulen og 6C (elevane frå Skålevik skule) skal til Ulveset skule frå hausten. Vi har 30 elevar på lista til 1. trinn. Nedgang i elevtal fører til nedgang i ressursar. Rektor nemnte at vi må omstille drifta til reduserte ressursar. Då må vi våge å snakke om forventningsgapet; gapet mellom kva foreldre, tilsette, politikarar og andre har til skulen og elevane sine prestasjonar.</p>	



Ågotnes skule

Saker frå SFO:		
Saker frå elevrådet:		
Saker frå FAU:		

Besøksadresse
Øygarden rådhus
Foldnesvegen 1
5354 STRAUME

Postadresse
Ternholmvegen
2
5337 RONG

Konto.nr.
1506.24.29981

Org.nr.
922 53 0890

Telefon
56 16 00 00

E post
postmottak@oygarden.kommune.no